



## Statens vegvesen

Arkoconsult As  
Valestrandsfossen  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
15/215958-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
27.10.2015

### Uttale – Dispensasjon – Reguleringsplan for Storsandvik – Gnr. 82 bnr. 73 mfl. – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til e-post mottatt 30. september 2015.

#### Kva saka gjeld:

Arkoconsult A/S har på vegner av tiltakshavar Mørenot søkt om dispensasjon frå krav om rekkjefølgje til reguleringsplan for Storsandvik vedtatt 2013. Planen har hovudføremål industri / forretning, men omfattar også m.a. interne køyrevegar og del av fv 565 forbi området.

I føresegnene til planen § 2.3.3. er det sett krav om at *«Køyrevegar, gangvegar og kollektivhaldeplassar i planområdet skal vera dimensjonert som vist i planen og skal vere ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest på søknadspliktige tiltak i planområdet»*.

Arkoconsult har i e-post av 30. september 2015 bedt Statens vegvesen om ei vurdering av søknad frå Mørebas, der dei ynskjer å planere eit område som skal nyttast til mellomlagring av fiskenøter som skal reparerast ved verksemda. Dei argumenterer med at tiltaket ikkje medfører nye bygningar i området, at det ikkje vil skape nye arbeidsplassar og auka trafikk. Tiltaket vil heller føre til mindre trafikk, ettersom verksemda i dag må lagre garna andre stader, som igjen må leverast via tungtransport på vegnettet. Med bakgrunn i dette vert det søkt om dispensasjon frå rekkjefølgjekrav § 2.3.3 til planen.

#### Vurdering:

Radøy kommune er planmynde og avgjer søknader om dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein førehandsuttale i denne saka:

Føremålet med planarbeidet var mellom anna å inkludere fylkesvegen, legge til rette for mjuke trafikkantar og å sjå området i samanheng. I uttale til denne planen sette Statens

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

vegvesen m.a. som krav at krysset mellom kv 64 og fv 565 måtte utbetrast. Krysset oppfyller ikkje dei krav som skal ta i vare trafikktryggleiken og ei god trafikkavvikling på staden, med omsyn på m.a. frisiktsoner, radius og lengdeprofil i krysset og tilhøvet til mjuke trafikkantar.

Til samanlikning vil Statens vegvesen ved søknad etter veglova om utvida eller endra bruk av ei avkøyrsl, stille krav om opparbeiding av avkøyrsla til trafikksikker standard, uavhengig om bruken av avkøyrsla minkar eller aukar. Ved søknad om utvida eller endra bruk, skal ein vurdere både på trafikkmengde og trafikken sin art.

Dersom Radøy kommune vurderer å gje dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i dette tilfellet, er det vårt syn at trafikkmessige vurderingar på staden må ligge til grunn for vedtaket.

**Vidare saksgang:**

Det er Radøy kommune som avgjer søknad om dispensasjon frå rekkjefølgje til plan. Dette brevet skal leggst ved søknaden som sendast Radøy kommune.

Statens vegvesen kan i dette tilfellet ikkje sjå at det ligg til rette for å gje dispensasjon frå rekkjefølgjekrav § 2.3.3. til reguleringsplan for Storsandvik slik det her vert søkt om.

Statens vegvesen ber om å få Radøy kommune sitt vedtak sendt over for eventuell klagevurdering.

Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

Kopi  
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*